



Hordaland Fylkeskommune v/Torgersen, Matti

Etne, 11.06.2015

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Sakshandsamar:

15/1689/15/8138 N - 561.1

OIV

Merknader frå Etne kommune til mogelegheitsstudiet for fylkesvegsamband medllom E134 og E39 Bergen -R ogaland

Formannskap - 057/15:

Det er gjort følgjende vedtak i saken:
(samrøystes)

Ene kommune ser positivt på planane om eit «tverrsamband» mellom E134 og E39 frå Ølensvåg til Sveio med bru over Ålfjorden, då dette vil gi kortare reisetid mellom Etne og Bergen, men ser det som lite realistisk å få gjennomført dette som eit fylkesvegprosjekt.

I samband med mogelegheitsstudie for fylkesvegsamband mellom E134 og E 39 ber Etne kommune om ei utgreiing av Sunnhordlandsdiagonalen med alternative løysingar frå E134 via Åkrafjorden/Skånevik/Kvinnherad mot Tysnes.

Med helsing

Odd Inge Vestbø
rådgjevar plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.





SAKSUTGREIING
ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	01.06.2015	057/15

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Odd Inge Vestbø	N - 561.1	15/1689

Merknader frå Etne kommune til mogelegheitsstudiet for fylkesvegsamband mellom E134 og E39 Bergen -R ogaland

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Ene kommune ser positivt på planane om eit «tverrsamband» mellom E134 og E39 frå Ølensvåg til Sveio med bru over Ålfjorden, då dette vil gi kortare reisetid mellom Etne og Bergen, men ser det som lite realistisk å få gjennomført dette som eit fylkesvegprosjekt.

01.06.2015 Formannskap

Siri Klokkestuen (AP) fremma følgjande tillegg til tilrådinga:

" I samband med mogelegheitsstudie for fylkesvegsamband mellom E134 og E 39 ber Etne kommune om ei utgreiing av Sunnhordlandsdiagonalen med alternative løysingar frå E134 via Åkra fjorden/Skånevik/Kvinnherad mot Tysnes. "

RØYSTING:

Tilrådinga frå rådmannen samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget frå Siri Klokkestuen (AP) samrøystes vedteke.

Etter dette ligg det føre slikt

F- 057/15 Vedtak:

(samrøystes)

Ene kommune ser positivt på planane om eit «tverrsamband» mellom E134 og E39 frå Ølensvåg til Sveio med bru over Ålfjorden, då dette vil gi kortare reisetid mellom Etne og Bergen, men ser det som lite realistisk å få gjennomført dette som eit fylkesvegprosjekt.

I samband med mogelegheitsstudie for fylkesvegsamband mellom E134 og E 39 ber Etne kommune om ei utgreiing av Sunnhordlandsdiagonalen med alternative løysingar frå E134 via Åkrafjorden/Skånevik/Kvinnherad mot Tysnes.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Det er gjennomført eit mogelegheitsstudium for verknadane av eit fylkesvegsamband for kommunane langs den planlagde nye E39 mellom Bergen og Rogaland, for å finne gode løysingar for kommunane å nyttegjere seg sambandet best mogeleg.

Det er sett frist til 2. juni 2015 å komme med merknader til rapporten.

Problemstilling

Etne kommune har i stor grad retta seg sørover mot Haugalandet på fleire måtar, men er framleis ein Hordalandskommune. For å styrke bandet til Bergensregionen er det påkrevd å forbetre sambandet mot Bergen og korte ned reisetida mest mogeleg.

I rapporten er det derfor konkludert med at eit «tverrsamband» mellom Ølensvåg via Dalsbruket med bru over Ålfjorden til eit nytt kryss med E39 i Sveio, vil vere det mest gunstige for Etne kommune for å korte ned reisetida til Bergen.

Vurdering

Det er sett i gang planarbeid for opprusting av Fv 48 mellom E134 og Skånevik, men ein kjenner ikkje til at Fv 48 mellom Utåker og Sunde er planlagt opprusta.

Dette vil sei at dagens Fv 48 mellom Håland og Stord har to ferjestrekningar som er kostbare å fjerne/erstatte med bru eller tunnel og reisetida her er atskillig lenger enn alternativert

mellom Ølensvåg og Sveio.

Alternativet med bru over Ålfjorden er svært konfliktfylt og kostbart, og etter sakshandsamar si meinig urealistisk som eit fylkesvegprosjekt med det trafikkgrunlaget ein ser føre seg i dag.

Likevel er det eit prosjekt som vil korte reisetida mellom Etne og Bergen mykje. Av den grunn bør prosjektet utgreiast nærare, og Etne kommune er derfor positiv til dette prosjektet.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.05.2015	Moglegheitsstudie.PDF	1328484

Saksgang:

Formannskapet

Utskrift med vedlegg til:

Hordaland Fylkeskommune, Samferdselsavdelinga, Pb 7310, 5020 Bergen

Utskrift til:

Tenestetorget for utsending av særutskrift